



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 03.09.2018
Tidspunkt: 14:00 - 16:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Bright Olav Gåsdal	Leiar	AP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Øystein Foss	Medlem	BL

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Det lukkast ikkje å få tak i vara for Øystein Foss.

Andre som møte:

Navn	Stilling
Knut Harald Frøland	Ordførar, Samnanger kommune
Charlotte Hageberg	Rådmann, Samnanger kommune
Frode Løvlie	Manager, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Bright Olav Gåsdall
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 26/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 27/18	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 28/18	Forvaltningsrevisjon av innkjøp - revisjonsrapport		2017/107
PS 29/18	Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2019		2016/37
PS 30/18	Status for arbeidet med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen		2018/7
PS 31/18	Orienteringssak om tildeling av opphald/sjukeheimplassar i kommunen		2014/240
PS 32/18	Orienteringssak gjeldande ny bemanningsorm for barnehagar		2014/240
PS 33/18	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utvale		2015/133
PS 34/18	Referatsaker		
RS 18/18	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 19/18	Rekneskapsrapport 1. Halvår 2018 for Kontrollutvalet		2016/37
RS 20/18	Vedtaks KS 14.06.2018 - Godkjenning av byggjerekneskap for VVA-prosjektet på Bjørkheim		2016/48
RS 21/18	Vedtaks KS 14.06.2018 - Årsmelding og årsrekneskap 2017		2016/38
PS 35/18	Eventuelt		

PS 26/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste

Vedtaks:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

PS 27/18 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte 14.05.2018

Vedtaks:

Møteprotokoll frå møte 14.05.2018 vart samrøystes godkjent.

PS 28/18 Forvaltningsrevisjon av innkjøp - revisjonsrapport

Forslag til innstilling

Kommunestyret ber rådmannen syte for å:

1. Oppdatere fullmaktsstrukturen i samsvar med gjeldande regelverk, og vurdere justeringar i fullmaktsstrukturen slik at den betre samsvarar med behova i organisasjonen
2. Vurdere om det er sett av tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverk og eigne rutinar
3. Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen
4. Oppdatere rutinar og retningsliner for innkjøp i samsvar med gjeldande regelverk
5. Syte for at rutinar og retningsliner for innkjøp er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
6. Syte for at det blir etablert eit system for elektronisk kommunikasjon for anbudsprosessar, jf. komande krav i regelverket
7. Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette;
 - a) konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med regelverket
 - b) dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevalueringa
 - c) stille krav om løns- og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket
 - d) gjennomføre korrekte avrop på rammeavtalar
 - e) protokollere innkjøp i samsvar med regelverket
8. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

Deloitte ved Frode Løvlie presenterte forvaltningsrevisjonsrapporten for kontrollutvalet og svarte på spørsmål. Det vart gjennomgått føremål med forvaltningsrevisjonen, problemstillingar, metodebruk og funn.

Ordførar og kontrollutvalet ynskjer at Deloitte er tilstade i kommunestyremøtet 13.09.2018 og presenterer revisjonsrapporten.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

Kommunestyret ber rådmannen syte for å:

1. Oppdatere fullmaktsstrukturen i samsvar med gjeldande regelverk, og vurdere justeringar i fullmaktsstrukturen slik at den betre samsvarar med behova i organisasjonen
2. Vurdere om det er sett av tilstrekkeleg med ressursar til å gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverk og eigne rutinar
3. Vurdere opplæringstiltak for å auke innkjøpskompetansen i organisasjonen
4. Oppdatere rutinar og retningsliner for innkjøp i samsvar med gjeldande regelverk
5. Syte for at rutinar og retningsliner for innkjøp er enkelt tilgjengelege for tilsette og leiarar
6. Syte for at det blir etablert eit system for elektronisk kommunikasjon for anbudsprosessar, jf. komande krav i regelverket
7. Gjennomføre innkjøp i samsvar med regelverket, under dette;
 - a) konkurranseeksponere anskaffingar i samsvar med regelverket
 - b) dokumentere og sikre føreseielegheit og likebehandling i tilbodsevalueringa
 - c) stille krav om løns- og arbeidsvilkår i samsvar med regelverket
 - d) gjennomføre korrekte avrop på rammeavtalar
 - e) protokollere innkjøp i samsvar med regelverket
8. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.11.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

PS 29/18 Framlegg til budsjett for kontroll og tilsyn for 2019

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slikk det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet for 2019.

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet diskuterte det framlagte forslag til budsjett. Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget slikk det ligg føre. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet for 2019.

PS 30/18 Status for arbeidet med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem i neste møte - 16 oktober 2018 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ved innføring av ny personvernlov.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

Rådmannen orienterte kort om status for tilpassing til ny personvernforordning

- Kjøper personvernombod frå Nordhordland IKT.
- Vidare framdriftsplan skal utarbeidast i oktober.

Kontrollutvalet vart einige om å be rådmannen om ei ny orientering i desembermøte.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem i neste møte – 03. desember 2018 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ved innføring av ny personvernlov.

PS 31/18 Orienteringssak om tildeling av opphald/sjukeheimplassar i kommunen

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

Rådmannen orientere mellom anna om dette:

- I 2017 vart alle kommunane pålagde å lage eiga forskrift ut frå nasjonal tilråding/mal. «Forskrift for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad i Samnanger kommune», vart vedteke i kommunestyre 15.06.2017.
- Tildeling av alle opphald skjer på bakgrunn av helseopplysningar, søknad og vurdering av individuelle behov. Tildelinga skjer i inntaksnemd/samarbeidsmøte.
- Møta er tverrfaglege og det vert fatta enkeltvedtak med grunngjeving.
- I Samnanger kommune er dei fleste pasientar kjent for oss gjennom heimetenesta eller at det vert meldt frå sjukehus. Det betyr at det er sjeldan nokon søker om opphald utan at det er ein dialog med pleie og omsorg.
- Søknadsskjema finn ein på kommunen si heimeside eller ved å ta kontakt i resepsjonen på Samnangerheimen.
- Det er inntaksmøte/samarbeidsmøte ein gong pr. veke, men det er fortløpande inntak/sakshandsaming (lovpålagt).
- Ved vurdering om opphald/sjukeheimplass, tek ein omsyn til søkjar og vurderer: helsetilstand, mental tilstand, kognitiv svikt, evne til eigenomsorg, bustad og nettverk.
- I budsjettet for 2018 ligg det forventning om sal av institusjonsplasser på ca. 2,4 mill.kr. Samnanger kommune prøver å selje plasser om det er mogeleg, men dette skal ikkje få konsekvensar for eigne innbyggjarar. Kommunane Os og Fusa har kjøpt plassar.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

PS 32/18 Orienteringssak gjeldande ny bemanningsnorm for barnehagar

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

Samnanger kommune har i fleire år lagt godt innfor bemanningsnormen. Rådmannen viste til det nye regelverket om bemanningsnorm frå 1. august 2018.

For å innfri nye krav til pedagognorm har ein gjort ein del endringar. Dette får konsekvensar for dei kommunale barnehagane. Dei nye normtala gjeld per barnehage, ikkje pr. avdeling. Barnehagane har veldig god dekning på bemanning og pedagog.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering

PS 33/18 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering

PS 34/18 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

RS 18/18 Utvalet sitt kvarter

Ordførar orienterte om vedtak i KS gjeldande bufelleskap Skottabakken, og om at kommunestyret og ynsker ei tilbakemelding gjeldande om regelverket om offentleg anskaffingar er følgt. Finansieringsplan opptil 50 år løypetid vert vurdert. Det er usikkerheit knytt til fløymsikring og høgspenkabel. Grunnerverv er stort sett avklart med unnateke av ein eigendom. Og nokre problemstillingar knytt til ein disposisjonssøknad til fylkesmannen.

RS 19/18 Rekneskapsrapport 1. Halvår 2018 for Kontrolluval

RS 20/18 Vedtak KS 14.06.2018 - Godkjenning av byggjerekneskap for VVA-prosjektet på Bjørkheim

RS 21/18 Vedtak KS 14.06.2018 - Årsmelding og årsrekneskap 2017

Vedtak:

Referatsakene vart teken til orientering.

PS 35/18 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 03.09.2018

Handsaming i møtet:

Vibeke Bohre Våge meldte forfall til møte 16.10.2018. Sekretariatet vil kalle inn vara for henne.

Vedtak:

Det vart ikkje gjort vedtak i saka.